



Nytt om skogfondet ditt – blir gunstigare frå 2007

Kjære skogeigar

Vi ønskjer deg eit godt nytt år.

Skogfondet blir gunstigare for alle aktive skogeigarar frå 2007.
Vi oppfordrar deg til å undersøkje korleis du best utnyttar din konto!

Kva er nytt:

- Skattefordelen bli auka frå 60 % til 85 %
- Skattefordel på alle tiltak som kan finansierast med skogfond
- Fondsmidlar kan nyttast til bioenergi

Kva er skogfond?

Alle skogeigedommar har ein eigen skogfondkonto. Når du som skogeigar sel tømmer skal 4 - 40 % (etter eige val) av tømmerverdien avsetjast til skogfond. Føremålet er å sikre eit bærekraftig skogbruk på eigedommen, blant anna å etablere ny skog etter hogst. Skogfondet tilhøyre skogeigedommen, og skal nyttast der av den som eig skogen.

Korleis oppnå skattefordel?

- Den delen av tømmerinntekta som blir sett av til skogfond, blir ikkje rekna som skattepliktig inntekt
- Skattlegging skjer først når pengane blir tekne ut frå fondet og brukte
- Skattefordelen oppstår ved at berre ein del av uttaket blir skattlagt
- Når du gjer uttak frå skogfondet til tiltak med skattefordel, blir 85 % av uttaket skattefritt



Tiltak som gir skattefordel:

- Skogkulturtiltak, som planting og ungskogpleie
- Bygging, opprusting av skogsveggar og velteplassar
- Vedlikehald av skogsbilveggar
- Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar
- Biovarmeanlegg for varmeleveransar
- Miljøtiltak, som pleie av kulturminner i skog
- Oppmerking av eigedomsgrenser
- Forsikring av skog
- Kursavgift og kursmateriell for kurs knytte til drift av skogen

Du kan også dekke meirverdiavgift knytt til disse tiltaka med skogfondet, men du får ikkje skattefordel for denne. Kommunen kan gi utfyllande opplysningar om kva konkrete kostnader som kan dekkast innanfor dei ulike områda.

Eksempel - Effekt av skattefordel

Det å kunne ta ut deler av skogfondet skattefritt er svært gunstig når skatteprosenten er høg.

Når du investerer 1000 kr av skogfondet på tiltak som gjev skattefordel, så vil 850 kr vere skattefrie. Dersom du har 35,8 % marginalslett (dvs inntekt utan toppskatt) så gjev det 304 kr i redusert skatt pr 1000-lapp.

For å få same gevinst gjennom eit tilskot frå staten (skattlagt med 35,8 % marginalslett), må tilskotet vere på 473 kr eller 47 %.

Ved 44,8 % marginalslett (dvs inntekt med lågaste toppskatt) vil du få 381 kr mindre skatt pr 1000-lapp. Det tilsvarer eit tilskot på heile 69 % av investeringa.



Når tek dei nye reglane til å gjelde?

Dersom det blir utbetalt skogfond i 2007 for å dekke tiltak som er utførde i 2006 eller tidlegare, gjeld desse overgangsreglane:

- Tiltak som hadde 60 % skattefordel i 2006 (skogkultur og opprusting av vegar) vil få 85 % skattefordel når utbetalinga skjer i 2007
- Tiltak som ikkje hadde skattefordel i 2006 (som for eksempel vegvedlikehald og kurs) vil heller ikkje få skattefordel i 2007, sjølv om utbetalinga skjer i 2007. For å få skattefordel på disse tiltaka, må tiltaka vere gjennomførde i 2007



Meir informasjon om skogfondet finn du på desse nettsidene :

Statens landbruksforvaltning, www.slf.dep.no
Landbruks- og matdepartementet, www.lmd.dep.no
Fylkesmannen sine nettsider, www.fylkesmannen.no

På www.slf.dep.no kan du også logge deg på din eigen skogfondskonto, etter å ha fått brukarnamn og passord via kommunen.